



Diakoniplan for Herdla kyrkjelyd

2024 – 2028



DEN NORSKE KIRKE

Visjonen for Den norske kyrkjes diakonale teneste:

«*Guds kjærleik til alle menneskjer og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste»*

“Diakoni er kyrkens omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og uttrykkjast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.”

Kyrkja er gitt et særskilt oppdrag å tene menneskjer og hele skaparverket. Diakoni er ikkje bare tiltak og aktivitetar, den utgjer også en dimensjon. Målet er at diakonien skal være ein grunntone i alle forhold i kyrkjelyden. All diakonal omsorg bygger på gjensidigkeit, likeverd og respekt for den andre.

Diakoniens teologiske grunnlag peiker på dette: Å gjere troa vyrksam i handling, betyr å spørje på ny og på ny: Kven er min neste? (Lukas 10,25-37). Det er å stille seg til disposisjon, både som fellesskap og enkeltperson, og spørje: «Kva vil du eg skal gjere for deg?» (Lukas 18,41). Det er å dele fellesskap og resursar med marginaliserte, sjuke, svoltne, tørste og isolerte (Matteus 25,35ff). Oppdraget til å gjere det gode er nedlagt i alle menneskjer (Rom 2,14). Kristus kallar til felles teneste med alle menneskjer, til det beste for menneskjer og jorda.

Med utgangspunkt i de 4 områdane: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd, har vi sett på korleis kyrkjelyden kan jobbe med tiltak kor disse områdane blir konkretisert. Vi kan ha mange drøymer og ynskjer, men vi trur det er viktig å være realistisk og sjå tiltak i samanheng med kva behov som finnes i lokalsamfunnet og kva for resursar som er tilgjengelege.

Det har skjedd mange endringar i kyrka og samfunn de seinare åra og Den norske kyrkje kom derfor med en revidert Plan for diakoni i 2020: Vi har tatt utgangspunkt i denne ved utarbeiding av ny diakoniplan for kyrkjelydane på Askøy.

2030-agendaen med Berekraftsmåla representerer ein felles agenda som kyrkjene deler med statar, kommunar, næringsliv og ulike aktører i sivilsamfunnet. Berekraftsmåla er verdas felles mål for å kjempe mot fattigdom, verne om livet på jorda og skape fredelege og berekraftige samfunn for alle. Mange av måla har tema som kyrkjer har vært opptatt av og kjempa for i lang tid. Derfor er dei eit nyttig rammeverk både for å fortolke kyrkjas eige samfunnsengasjement, og for å utvikle og fordjupe samhandling med kommunar og andre aktører.

Denne planen gir ikkje en oversikt over alt diakonalt arbeid som skjer i kyrkjelydane. Det er mange enkeltpersonar som engasjerer seg for sine medmenneske og som gjer mykje diakonalt arbeid utan at det er nemnt her. Det

skjer også mykje godt diakonalt arbeid i barne- og ungdomsarbeidet vårt. Dette kjem heller ikkje fram i denne planen, men me viser her til trusopplæringa i kyrkja.

Sist, men ikkje mindre viktig, denne planen er ikkje til hinder for engasjement og initiativ til nye tiltak når vi ser nye behov og moglegheiter. Vi må stadig stille oss spørsmåla: Kordan rører samfunnsutfordringane med oss som kyrkje, og på kva slags måte utfordrar det oss til handling og engasjement? Kor er ressursane og kor er utfordringane? Refleksjon rundt disse spørsmåla i sokneråda, diakoniutvala og i staben, sammen med dei det vedkjem, kan gi oss hjelp til å prioritere det viktigaste.

Januar 2024

Hildegunn Norbakken/ diakonimedarbeidar

Trude Munkvold/ diakon

Endre Dåvøy/ diakon

DEL 1: Nestekjærleik

I praksis handlar det både om små enkle handlingar og store tiltak. Nestekjærleik vert til i møte med andre menneskjer. Det er periodar i livet kor man har evne og moglegheit til å gje, andre gonger trenger man sjølv å få. Ein del av diakonien er å bere byrdene for kvarandre.

1.	Samtale / Besøksteneste
Målsetting	Imøtekommne menneskjer som ønsker samtale og heimebesøk.
Tid for gjennomføring	Ved behov og etterspørsel
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Frivillige i kyrkjelydane og tilsette.
Ansvarleg for å koordinere dette	Diakonane

2.	Teneste på Palliativ avdeling/ sjukeheim/ institusjonar
Målsetting	Ivareta menneskjer ved livets slutt, både gjennom samtaler, soknebod og minnesamling.
Tid for gjennomføring	Diakon er kvar veke tilstades på avdelinga og ved behov/ etterspørsel
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Tilsette på palliativ avdeling 1A, prestar og diakonar
Ansvarleg	Diakonane

3.	Open kyrkje
Målsetting	Være til stede der folk er, bli kjent med nye. Møte menneskjer i ulike livsfasar og tilby eit lågterskel samtaletilbod. Forebygge einsemd. Synleggjere kyrkjenes lokale kyrkjelydsarbeid.
Tid for gjennomføring	Kvar søndag i juli
Tid for evaluering	Kvar haust
Ressursar og samarbeid med	Sokneråd, frivillige
Ansvarleg	Sokneråd, frivillige

4.	Kyrkja på senteret – Kleppestø, Fromritoppen
Målsetting	Være til stades der folk er, bli kjent med nye. Møte menneskjer i ulike livsfasar og tilby eit lågterskel samtaletilbod. Forebygge einsemd. Inviterer til inkluderande fellesskap. Synleggjere kyrkjenes lokale kyrkjelydsarbeid.
Tid for gjennomføring	Kleppestø: Kvar veke (torsdagar). Fromritoppen: To gongar kvar månad. Begge tiltak er for heile året. Anna: Utdeling av lys i samband med Allehelgen.
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Eiar av lokalet, senterleiinga, andre organisasjonar, frivillige, tilsette og diakonar
Ansvarleg	Diakonane i samarbeid med andre tilsette og frivillige

5.	Ivaretaking av sørgande
Målsetting	Ivareta sørgande, gjennom sorgesamtaler og individuelle samtalar og besøk. Synleggjere tilboden i sorgbrosjyre og gjennom andre aktuelle kanalar. Arrangere temakveldar retta inn mot sorg.
Tid for gjennomføring	Sørgesamtalar/ Kontinuerleg
Tid for evaluering	Ein gong i semester på samarbeidsmøte med prester og diakonar.
Ressursar og samarbeid med	Prestar, diakonar og frivillige.
Ansvarleg	Prestar og diakonar

6.	Sorggruppe
Målsetting	Tilby sorggruppe, minimum to gonger i året. Gje dei sørgande verktøy til sorgarbeidet.
Tid for gjennomføring	Vår og haust
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Diakonar og frivillige
Ansvarleg	Diakonane

7.	Allehelgen
Målsetting	Ivareta dei som kjenner sakn etter en av sine nære som har gått bort. Inviterer til open kyrkje og minnesamling (laurdag) og til Allehelgensgudsteneste (søndag). Brev sendes ut til alle som har mista nokon det siste året. Utdeling av lys i samband med Allehelgen.
Tid for gjennomføring	Allehelgen, fyste helg i november

Tid for evaluering	I etterkant av gjennomføring
Ressursar og samarbeid med	Tilsette og frivillige (musikalske krefter)
Ansvarleg	Prestar, kyrkjemusikkar og diakonar

8.	Blomster til 90 års jubilantar
Målsetting	Visa merksemd, sjå personen
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	I etterkant av gjennomføring
Ressursar og samarbeid med	Frivillige og tilsette
Ansvarleg	Sokneråd

DEL 2: Inkluderande fellesskap

Inkluderande fellesskap er eit viktig uttrykk for kyrkjas medmenneskelege omsorg. Vi er skapt til å være ein del av eit fellesskap. I dette fellesskapet møtes eit stort mangfold av mennesker. I eit inkluderande fellesskap skal den enkelte både sjå og bli sett. Der gis gjensidig trøyst og hjelp, der frigjerast nye krefter og nytt håp.

9.	Sosiale tiltak
Målsetting	Invitere til hyggelege og inkluderande fellesskap med rom og plass for alle. Eksempelvis: Formiddagstreff, lunsjkonserter, basar, bygdevandring og turar
Tid for gjennomføring	Ein kvar månad eller ein gong i semesteret (eller oftare)
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Egne komitear, DU og diakonar
Ansvarleg	Egne komitear og DU

10.	Gudsteneste og andre fellesskap tilrettelagt for menneskjer med funksjonsnedsetjing.
Målsetting	Lage ein arena kor vi har særleg fokus på mangfald og å inkludere. Synleggjere ei kyrkje som er open for alle, både gjennom gudstenester og andre sosiale arrangement.
Tid for gjennomføring	To gudstenester i semesteret, samt ein vårfest og adventsfest
Tid for evaluering	I etterkant av arrangement/ gudstenestene
Ressursar og samarbeid med	DU, frivillige og tilsette
Ansvarleg	Prestar, diakonar og kyrkjemusikkar
11.	Institusjonsgudstenester og andakter: Fromreide eldresenter
Målsetting	Gi eldre og sjuke tilbod om gudstenestefellesskap og sosialt samvær
Tid for gjennomføring	Varierer frå institusjon til institusjon, ca. ein gong i månaden.
Tid for evaluering	En til to gonger i året
Ressursar og samarbeid med)	Prestar, diakonar, kyrkjemusikkar, institusjonane, frivillige
Ansvarleg	Prestane og diakonane

12.	Gudsteneste med kyrkjekaffi
Målsetting	Kyrkjekaffien har som mål å inkludere, være ein sosial arena og bli kjent med nye.
Tid for gjennomføring	Etter kvar gudsteneste
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Kyrkjelydane, gjennom frivillige og tilsette
Ansvarleg	Sokneråd

13.	Kyrkjelydsbyggande tiltak for alle generasjonar
Målsetting	Sjå på moglegheitene for å skape tiltak og fellesskap på tvers av generasjonar. Eksempelvis: Middagsfellesskap med samhandlande aktivitetar, brosjyrar om aktivitetstilbodet ut til heile kyrkjelyden, bibelgruppe, turgruppe/ pilgrimstur, 50-års konfirmantar, lysmesse
Tid for gjennomføring	Opp til kvar enkelt kyrkjelyd
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Sokneråd, frivillige og tilsette
Ansvarleg	Kyrkjelyden, sokneråd og tilsette

14.	Samarbeid med andre kommunale instansar
Målsetting	Styrke vår relevans i lokalsamfunnet ved samarbeid mellom kommune og andre frivillige organisasjoner og aktører når det er rom og moglegheit for det (jmf. Berekraftsmåla 17). Eksempelvis: Delta i samarbeidsforum i kommunen rundt Verdensdagen for psykisk helse og årleg markering i oktober. Fromritoppen – samarbeid mellom Dnk og Herdla Frivilligsentral. Bygdevandring – Dnk i samarbeid med Herdla Frivilligsentral, Herdla Museum og Frisklivssentralen.
Tid for gjennomføring	Kontinuerleg
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Tilsette, frivillige, kommunen og andre frivillige organisasjoner og aktører
Ansvarleg	Diakon, andre tilsette og frivillige

Del 3: Vern om skaparverket

Gud vil at mennesket skal ta vare på jorda. Vi skal bruke jordas ressursar, men ikkje drive overforbruk. Kyrkja forstår mennesket som avhengig av alle detts relasjonar; til Gud, til medmennesket, til seg sjølv og til resten av skaparverket. Engasjement for klima og miljø bør være ein følge av ein slik forståing.

15.	Grøn kyrkjelyd
Målsetting	Jobbe aktivt for å påverke/ motivere kyrkjelyden gjennom dei tiltak som den enkelte kyrkjelyd har vedtatt. Være bevisst og haldningsskapande arbeid. Kjeldesortering
Tid for gjennomføring	Heile året – «drypp» på kyrkjekaffien
Tid for evaluering	Kontinuerleg
Ressursar og samarbeid med	Alle i kyrkjelyden
Ansvarleg	Utval for grøn kyrkjelyd/ diakoniutvalet/ soknerådet

16.	Skaparverkets dag
Målsetting	Invitere til fellesskap kor vi retter eit særleg fokus på vern om skaparverket.
Tid for gjennomføring	Gudsteneste
Tid for evaluering	Bør skje kontinuerleg
Ressursar (pengar/lokalar/menneskjer)	Gudstenesteteam
Samarbeid med	Kyrkjetenar
Ansvarleg	Soknerådet, tilsette

17.	Bevisstgjering og haldningsskapande arbeid
Målsetting	Bevisstgjering inn mot forbrukarsamfunnet. Sjå verdien i det skapte Eksempelvis: Plantemarked på Ask, Byttedag av kler på Herdla, gjenbruk av gamle konfirmantkappar, Kjolefestival, rydding i fjæra mm.
Tid for gjennomføring	Fleire gonger i året
Tid for evaluering	Første soknerådsmøte etter gjennomføring
Ressursar og samarbeid	Frivillige, sokneråd og tilsette
Ansvarleg	Soknerådet/ diakonane

DEL 4: Kamp for rettferd

Kampen for rettferd inneberer eit aktivt engasjement for våre medmenneske. Ein del av diakoniens oppdrag er å bidra til å endre samfunnsmessige strukturer som fratar mennesker livsmoglegheiter. Å vise solidaritet er å ta opp kampen for rettferd og fred både i et lokalt og et globalt perspektiv.

18.	KN gudsteneste og fasteaksjon
Målsetting	Skape engasjement for global rettferd og for menneskeverdet. Informere kyrkjelyden om fasteaksjonens prosjekter og oppmuntre til solidaritet.
Tid for gjennomføring	Fastetida
Tid for evaluering	Første sokneråd etter gjennomføring
Ressursar og samarbeid med	KN sin ressursbank, konfirmantar, frivillige og tilsette
Ansvarleg	Sokneråd og tilsette

19.	Gjenbruk og redesign
Målsetting	Ha fokus på gjenbruk og redesign, og bidra til større fokus på forbrukarmentaliteten. Eksempelvis: Kjolefestivalen, gjenbruk av gamle konfirmantkappe
Tid for gjennomføring	Ein gong i året
Tid for evaluering	I etterkant av gjennomføring
Ressursar og samarbeid med	Frivillige frå kyrkjelydane, DU og tilsette
Ansvarleg	Diakonane og AU

20.	Misjonsprosjekt: Estland (NMS)
Målsetting	Informere om prosjektet, samle inn pengar, skape engasjement for ytremisjon.
Tid for gjennomføring	Varierer frå kvar kyrkjelyd
Tid for evaluering	Sokneråd
Ressursar og samarbeid med	Informasjon frå den enkelte misjonsorganisasjon – sentralt Regionskontorene
Ansvarleg	Sokneråd, prest/ diakon

21.	Diakoniens dag
Målsetning	Gjere kyrkjelyden bevisst og lære opp til diakonal tenking. Ta opp ulike diakonale tema frå de 4 punkta i diakoniplanen og lage temagudstenester ut i frå dette.
Tid for gjennomføring	En gang kvar haust
Tid for evaluering	Første sokneråd etter tiltak
Ressursar og samarbeid med	Materiell utgitt av ulike organisasjoner. F.eks. Kirkens Nødhjelp. DU
Ansvarleg	Forrettande prest/ sokneråd/ diakon

22.	Julegåve/ strikkeaksjon til trengande på Askøy/ Herdla
Målsetting	Vise omsorg gjennom enkle handlingar. Oppmuntre til rausheit og givarglede.
Tid for gjennomføring	Kvar haust inn mot desember
Tid for evaluering	Januar i AU
Ressursar og samarbeid med	Næringslivet, frivillige og tilsette
Ansvarleg	Diakonane og AU